



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200603376

Dykkar ref.:
200601145

Bergen, 22. september 2006

FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA – HØYRINGSFRÅSEGN

Det vert vist til hyggeleg telefonsamtale med departementet ved saksbehandlar Ellen Cathrine Arnesen den 13.d.m. der det vart gitt utsett frist for innsending av høyringsfråsegna til 22.september for å få med behandlinga i fylkesutvalet i Hordaland.

Saka vart behandla i møte den 21.09.06, sak nr. 233/06, og fylkesutvalet gjorde samrøystes slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine merknader og fremjar følgjande forslag til endringar i forslaget til lovtekst som lovarbeidsgruppa har lagt fram:

1. § 4-8 Straff bør ikkje opphevast, men innhaldet i denne paragrafen bør også verta gjeldande rett etter lovendringa.
2. Mindretalet (Solstad og Grøttvik) sitt forslag til endring § 12-3 om at minst ein representant for det pedagogiske personale i vidaregåande skole blir medlem i yrkesopplæringsnemnda, bør verta teke inn i lova.
3. Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å kontrollere at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.


Vedlegg:


Særutskrift av møteboka frå fylkesutvalet, sak nr. 233/06 med saksførelegg

Utskrift av møteboka frå opplærings- og helseutvalet, sak nr. 57/06

Utskrift av møteboka frå yrkesopplæringsnemnda, sak nr. 10/06. (Denne utskrifta vart send som vedlegg til fylkesutvalsaka.)

Med helsing


for Svein-Erik Fjeld
opplæringsdirektør


Ingmar Ljones
seniorrådgjevar

Kopi av dette brevet vert som avtalt, også sendt på mail og fax.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200603376
Arkivnr. 500.T00
Sakshandsamar Ljones, Ingmar

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Opplærings- og helseutvalet	12.09.06	57/06
Fylkesutvalet	21.09.06	233/06

FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA - HØYRINGSFRÅSEGN

Opplærings- og helseutvalet 12.09.06

Saksbehandlar orienterte om mindre språklege endringar i saksframlegget. Oversyn over endringane vart delt ut i møtet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke samrøystes.

INNSTILLING

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine merknader og fremjar følgjande forslag til endringar i forslaget til lovtekst som lovarbeidsgruppa har lagt fram:

1. § 4-8 Straff bør ikkje opphevast, men innhaldet i denne paragrafen bør også verta gjeldande rett etter lovendringa.
2. Mindretalet (Solstad og Grøttvik) sitt forslag til endring § 12-3 om at minst ein representant for det pedagogiske personale i vidaregåande skole blir medlem i yrkesopplæringsnemnda, bør verta teke inn i lova.
3. Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å kontrollere at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.

Fylkesutvalet 21.09.06

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine merknader og fremjar følgjande forslag til endringar i forslaget til lovtekst som lovarbeidsgruppa har lagt fram:

1. § 4-8 Straff bør ikkje opphevast, men innhaldet i denne paragrafen bør også verta gjeldande rett etter lovendringa.
2. Mindretalet (Solstad og Grøttvik) sitt forslag til endring § 12-3 om at minst ein representant for det pedagogiske personale i vidaregåande skole blir medlem i yrkesopplæringsnemnda, bør verta teke inn i lova.
3. Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å kontrollera at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 22. september 2006

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200603376-2
Arkivnr. 500.T00
Saksh. Ljones, Ingmar

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	12.09.2006
Fylkesutvalet	21.09.2006

FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA-HØYRINGSFRÅSEGN

SAMANDRAG

Lovarbeidsgruppa la i sin rapport dagsett 27.04.06 ei rekkje forslag til endringar og presiseringar i opplæringslova som handlar om fag- og yrkesopplæringa. Mange av endringane er "lovtekniske endringar", lovfesting av ein del av det som i dag er heimla i forskrift, eller over tid har utvikla seg til god praksis. I lovforslaget er det teke med presiseringar av m.a. ansvarsdeling og rettar og plikter både for lærlingar/lærekandidatar, opplæringskontor/lærebedrifter og fylkeskommunen (skuleeigar).


Fylkesrådmannen stiller seg positiv til dei fleste endringane som arbeidsgruppa har foreslått i rapporten, men finn også grunn til å koma med ein del kommentarar og endringsforlag i høve til lovarbeidsgruppa sine forslag.

Saka vert behandla i yrkesopplæringsnemnda 13.09.06.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine merknader og fremjar følgjande forslag til endringar i forslaget til lovtekst som lovarbeidsgruppa har lagt fram:

- § 4-8 Straff bør ikkje opphevast, men innhaldet i denne paragrafen bør også verta gjeldande rett etter lovendringa.
- Mindretalet (Solstad og Grøttvik) sitt forslag til endring § 12-3 om at minst ein representant for det pedagogiske personale i vidaregåande skole blir medlem i yrkesopplæringsnemnda, bør verta teke inn i lova.
Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å
- kontrollera at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.


Paul M. Nilsen


Svein-Erik Fjeld

FYLKESRÅDMANNEN, 01.09.2006:

Utdannings- og forskningsdepartementet sette i januar 2005 ned ei arbeidsgruppe (lovarbeidsgruppa) som skulle koma med framlegg om endringar i den delen av opplæringslova som handlar om fag- og yrkesopplæringa. Kunnskapsdepartementet har sendt arbeidsgruppa sin rapport med endringsforslag på høyring.

Medlemmer i arbeidsgruppa

Johan Sverdrup, NHO, Per Syversen, LO, Nina Berntsen, NAVO, Christine Norum, KS, Wenche Paulsrud, YS, Roar Grøttvik, Unio, Tormod Skjerve, HSH, Silje Charlotte Solstad, EO, Kari Hauge, LO, Marit Gunnarskog, NHO, Jorulf Haugen, KS, Hanne Varhaug Søberg, KS, Karl Gunnar Kristiansen, U-dir., Kristin Evensen, KD, Heidi Quamme Kittilsen, KD, Jan Ellertsen, KD (leder)

Lovarbeidsgruppa sitt mandat

”-gjennomgå opplæringslovens kapittel 4 og 12 om fagopplæring i bedrift
- foreslå en forenkling av bestemmelsene og en tilpasning til behovene i dag
- vurdere hvilke oppgaver partene i arbeidslivet skal ha i det offentlige opplæringssystemet regionalt
- vurdere hvordan partenes deltakelse skal organiseres.”

Viktige område for samarbeid mellom fylkeskommunen og arbeidslivet

Lovarbeidsgruppa viser til at fylkeskommunen har ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylt og ei plikt til å stilla til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunna verta oppfylte. I arbeidet sitt har lovarbeidsgruppa trekt fram følgjande fire viktige område for samarbeid mellom fylkeskommunen og arbeidslivet: **kvalitet, dimensjonering, rådgjeving/rettleiing og regionalt utviklingsarbeid.**

Kvalitet i opplæringa

Lovarbeidsgruppa viser vidare til at fylkeskommunen er pålagd å ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lov og forskrift vert oppfylte. Lovarbeidsgruppa meiner at ansvaret for rettleiing og oppfølging i høve til lærebedriftene må liggja hjå fylkeskommunen, og ikkje hjå yrkesopplæringsnemndene som i dag. Fylkeskommunen vil då få eit heilskapleg ansvar for at retten til vidaregåande opplæring vert oppfylt, også for det overordna kvalitetsarbeidet. Lovarbeidsgruppa har trekt fram følgjande viktige område for kvalitet i opplæringa: **system for kvalitetssikring, kvalitetsutvikling i den enkelte skole og bedrift, samhandling mellom skolar og lærebedrifter, og kompetanseutvikling.**

Merknader til dei enkelte paragrafane

Med utgangspunkt i lovarbeidsgruppa sin rapport og forslag til lovendringar, vil fylkesrådmannen gå nærare inn på endringsforslaga.

(Lovparagrafane sine overskrifter er attgjevne etter gjeldande rett. Dersom lovarbeidsgruppa har endringsforslag til overskrifter, er heile overskrifta teken med *kursiv*.)

§ 3-3 Opplæringsordninga for den vidaregåande opplæringa

§ 3-5 Fag- og sveineprøve utan læreforhold og skole

Lovarbeidsgruppa foreslår ein del lovtekniske endringar. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringane i §§ 3-3 og 3-5.

§ 4-1 Kven som er lærling *Kven som er lærling og lærekandidat*

§ 4-2 Særlege rettar og plikter for lærlingen *Særlege rettar og plikter for lærlingen og lærekandidaten*

Lovarbeidsgruppa foreslår mellom anna at lærekandidatane sine rettar kjem tydelegare fram i lova, og at det vert presisert kven som har **arbeidsgjeveransvar** for lærlingen og lærekandidaten. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringane i §§ 4-1 og 4-2

§ 4-3 Godkjenning av lærebedrift

Lovarbeidsgruppa foreslår at det formelle ansvaret for godkjenning av lærebedrift vert flytta frå yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen, men yrkesopplæringsnemnda sin fagleg sterke posisjon skal først vidare ved at fylkeskommunen skal leggja **avgjerande vekt** på y-nemnda sine faglege vurderingar før det vert fatta endeleg vedtak. Lovarbeidsgruppa foreslår også at kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som førestår opplæringa av lærlingane og lærekandidatane. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringane i § 4-3. (Sjå også kommentar til § 12-4)

§ 4-4 Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.

§ 4-5 Lærekontrakt *Lærekontrakt og opplæringskontrakt*

§ 4-6 Endring og heving av lærekontrakt *Endring og heving av lærekontrakt og opplæringskontrakt*

Lovarbeidsgruppa foreslår mellom anna lærebedriftene sine plikter i høve til opplæringa av lærlingar og lærekandidatar kjem tydelegare fram. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringane i §§ 4-4, 4-5 og 4-6

§ 4-7 Tilsyn i den enkelte lærebedrifta *Internkontroll i den enkelte lærebedrifta*

Lovarbeidsgruppa ønskjer at opplæringslova si bruk av omgrepet tilsyn (kontroll) berre skal brukast om staten sitt tilsyn med at lova med forskrifter vert etterlevd, og meiner at det er betre å bruka omgrepet kvalitetssikring om det arbeidet som lærebedriftene skal gjera for å sikra at lov og forskrifter vert oppfylte. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringane i § 4-7, og vil spesielt understreka at lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring slik at lærlingen og lærekandidaten får opplæring i samsvar med lova med tilhøyrande forskrifter og kontrakten som er inngått.

§ 4-8 Straff

Lovarbeidsgruppa foreslår at § 4-8 vert oppheva. Etter lovarbeidsgruppa sine vurderingar er det mest effektive virkemiddel mot lærebedrifter som ikkje oppfyller pliktene sine etter opplæringsloven med forskrifter, å ta frå bedrifta godkjenninga. Fylkesrådmannen er einig i at å ta godkjenninga frå ei lærebedrift som forsømer opplæringsansvaret sitt, er eit effektivt virkemiddel som kan verka preventivt. Fylkesrådmannen meiner likevel – i motsetnad til lovarbeidsgruppa - at denne paragrafen framleis må vera gjeldande rett, slik at også denne delen av fylkeskommunen sitt ansvar for opplæringa kan behandlast som forvaltningsvedtak inklusiv høve til klagebehandling. Dersom fylkeskommunen sin lovfesta rett til å trekkja godkjenninga av ei lærebedrift attende ikkje vert ført vidare som gjeldande rett, vil saka måtta behandlast som eit privatrettsleg tilhøve. Ei slik behandling vil måtta skje etter andre reglar enn i forvaltningsaker, og det kan ta lang tid før det ligg føre endeleg avgjerd. Dei første som kan verta skadelidande ved ei eventuell retts sak, er lærlingar og lærekandidatar. Kva rettar vil lærlingar og lærekandidatar ha fram til saka er rettskraftig? Dersom fylkeskommunen tek ut lærlingen eller lærekandidaten frå lærebedrifta for å tryggja rettane deira, kan det i tillegg innebera erstatningsansvar for fylkeskommunen både i høve til bedrift, lærling og lærekandidat. Sjølv om det er god investering å gje lærlingar og lærekandidatar fullverdig opplæring, veit vi at kvaliteten på opplæringa i lærebedriftene varierer. Det faktum at § 4-8 Straff har vore og er gjeldande rett, kan ha medverka til at lærebedriftene har hatt fokus på å gje opplæring i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte kontraktar. At § 4-8 har vore lite brukt, er i seg sjølv ikkje noko argument for å oppheva gjeldande rett.

§ 12-3 Yrkesopplæringsnemnder og yrkesutval

Lovarbeidsgruppa foreslår mellom anna at partane i arbeidslivet skal ha fleirtal og at det i tillegg skal vera minst ein elev-, lærling- eller lærekandidatrepresentant i yrkesopplæringsnemnda.

Lovarbeidsgruppa vil heller ikkje lovfesta kor mange medlemmar nemnda skal ha, men overlet dette til den einskilde fylkeskommune. Eit mindretal på to foreslår at nemnda i tillegg skal ha minst ein representant frå det pedagogiske personale i vidaregåande skole.

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringsforslaga frå fleirtalet. I tillegg vil fylkesrådmannen tilrå at endringsforslaget frå mindretalet som er nemnt ovanfor, vert vedteke. I kunnskapsløftet er det lagt vekt på verdien av nært og forpliktande samarbeid og samhandling mellom arbeidslivet og skulen. Lovarbeidsgruppa har og foreslått at yrkesopplæringsnemnda sitt virkeområde også skal omfatta kvalitet og dimensjonering i heile det fireårige opplæringsløpet. Sett på denne bakgrunnen vil det etter fylkesrådmannen si vurdering vera ein styrke for yrkesopplæringsnemnda at ein representant frå personalet i vidaregåande skole vert fast medlem av nemnda.

§ 12-4 Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda

Lovarbeidsgruppa foreslår at dei praktiske oppgåvene som yrkesopplæringsnemnda har hatt etter gjeldande rett, vert lagde til fylkeskommunen, og at yrkesopplæringsnemnda får oppgåver som gjeld kvalitet, dimensjonering rådgjeving og regionalt samarbeid. Nemnda skal gje ei fagleg vurdering ved godkjenning og tilbaketrekking av godkjenning av lærebedrifter før fylkeskommunen gjer vedtak. Fylkeskommunen skal leggja avgjerande vekt på yrkesopplæringsnemnda si faglege vurdering av bedrifta. Før fylkeskommunen gjer vedtak, skal nemnda ha til førehaving alle saker som har innverknad på fag- og yrkesopplæringa (jamfør ny § 4-8).

Lovarbeidsgruppa foreslår vidare at første lekken "Yrkesopplæringsnemnda fører tilsyn med opplæringa i bedrifter etter denne lova", vert oppheva, og at den kontrollen som vert gjort frå fylkeskommunen difor ikkje har nemninga tilsyn, men vert erstatta med "oppfølging og veiledning". Grunngevinga er mellom anna at omgrepet tilsyn berre skal brukast på det statlege tilsynet med at fylkeskommunen, kommunen og andre skuleeigarar oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Fylkesrådmannen vil visa til at både gjeldande rett og endringsforslaget heimlar at dei som har godkjenningsmynde for lærebedrifter kan kontrollera at bedrifta fyller krava for å få godkjenning som lærebedrift. Gjeldande rett gjev yrkesopplæringsnemnda i § 12-4, første lekken, rett til å føra tilsyn

med opplæringa i bedrift. Det er viktig at denne tilsynsretten vert ført over til fylkeskommunen, men at ordet *tilsyn* ikkje vert brukt. Dersom lovarbeidsutvalet sitt forslag vert vedteke, vil fylkeskommunen ikkje ha lovheimla rett til å kunna kontrollera at opplæringa i bedrift vert gjennomført i samsvar med lov, forskrift og inngåtte kontraktar.

Fylkeskommunen har ansvar for å gje opplæring i samsvar med opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Fylkeskommunen skal også etter § 4-4 yta tilskot til opplæringa som vert utført i bedrift. Lærlingar og lære kandidat har rettar og krav på opplæring i medhald av opplæringslova. Med tilvising til det samla ansvaret fylkeskommunen har i medhald av opplæringslova, meiner fylkesrådmannen at det bør koma eksplisitt fram i lova at **fylkeskommunen har rett til å ha kontroll med opplæringa i bedrift**, ikkje berre i samband med godkjenninga, men også i heile den tida ei bedrift er godkjend som lærebedrift. Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å kontrollera at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrift og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.

Ny § 4-8

Lovarbeidsgruppa sitt endringsforslag er mellom anna ei spesifisering av kva oppgåver fylkeskommunen skal overta, som yrkesopplæringsnemnda i gjeldande rett har ansvar for. Lovarbeidsgruppa sine merknader til §§ 12-4 og ny 4-8 må sjåast i samheng ettersom dei utfyller kvarandre. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til endringsforslaga, men vil presisera at fylkeskommunen sin rett til kontroll med opplæringa og medverknad til kvalitetssikring, må lovfestast.

§ 15-2 Særlege reglar for klageinstans.

Lovarbeidsgruppa foreslår ei endring av lovteknisk karakter, og fylkesrådmannen stiller seg positiv til forslaget.

OPPSUMMERING

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at lovarbeidsgruppa i rapporten og forslaga til lovendring har retta mykje av merksemda mot kvalitet og kvalitetssikring slik at fylkeskommunen, dei vidaregåande skolane og lærebedriftene kvar for seg, og i forpliktande samarbeid kan gje lærlingar og lære kandidat best mogeleg opplæring. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til dei fleste lovendingane som lovarbeidsgruppa har foreslått, men finn også grunn til å koma med ein del kommentarar og endringsforslag i høve til lovarbeidsgruppa sine forslag.

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Opplærings- og helseutvalet	12.09.06	57/06	
Fylkesutvalet	21.09.06	233/06	

Forslag til endringer i Opplæringslova - Høyringsfråsegn

Opplærings- og helseutvalet 12.09.06

Saksbehandler orienterte om mindre språklege endringer i saksframlegget. Oversyn over endringane vart delt ut i møtet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke samrøystes.

INNSTILLING

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannene sine merknader og fremjar følgjande forslag til endringer i forslaget til lovtekst som lovarbeidsgruppa har lagt fram:

1. § 4-8 Straff bør ikkje opphevast, men innhaldet i denne paragrafen bør også verta gjeldande rett etter lovendringa.
2. Mindretalet (Solstad og Grøttvik) sitt forslag til endring § 12-3 om at minst ein representant for det pedagogiske personale i vidaregåande skole blir medlem i yrkesopplæringsnemnda, bør verta teke inn i lova.
3. Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å kontrollera at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.

Vedlegg

Fuv sak 233/06 – Forslag til endringer i Opplæringslova – Høyringsfråsegn

Utskrift av møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 14.09.06, sak 10/06

FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA – HØYRINGSFRÅSEGN.

Fagoppæringssjefen hadde fremja følgjande forslag til høyringsfråsegn (som er identisk med fylkesrådmannen sitt forslag til høyringsfråsegn):

FORSLAG TIL HØYRINGSFRÅSEGN

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesrådmannen sine merknader og fremjar følgjande forslag til endringar i forslaget til lovtekst som lovarbeidsgruppa har lagt fram:

1. § 4-8 Straff bør ikkje opphevast, men innhaldet i denne paragrafen bør også verta gjeldande rett etter lovendringa.
2. Mindretalet (Solstad og Grøttvik) sitt forslag til endring § 12-3 om at minst ein representant for det pedagogiske personale i vidaregåande skole blir medlem i yrkesopplæringsnemnda, bør verta teke inn i lova.
3. Fylkeskommunen sin rett til å gje rettleiing i samhandling med lærebedrifter og rett til å kontrollere at opplæringa i bedrifter vert utført i samsvar med lov, forskrifter og inngåtte avtalar, bør lovfestast enten i § 12-4 eller i lovarbeidsgruppa sitt forslag til ny § 4-8.

Representantane frå LO og NHO la fram slikt felles forslag:

1. Yrkesopplæringsnemnda støtter konklusjonene i lovarbeidsgruppens innstilling.
2. Yrkesopplæringsnemnda vil advare mot å gjere endringer i lovinnstillingen slik at helheten i forslaget forringes.
3. Når fylkeskommunens vedtak forplikter bedriftene økonomisk og juridisk, forutsetter dette at partene i arbeidslivet gjennom yrkesopplæringsnemnda har reell innflytelse i slike saker.

Røysting

Fagopplæringssjefen sitt forslag fekk 2 røyster og fall.

Fellesforslaget frå LO og NHO fekk 5 røyster og vart vedteke.

Det ligg såleis føre slik tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

1. Yrkesopplæringsnemnda støttar konklusjonane i lovarbeidsgruppa si innstilling.
2. Yrkesopplæringsnemnda vil átvara mot å gjera endringar i lovinnstillinga slik at heilskapen i forslaget vert forringa.
3. Når fylkeskommunen sitt vedtak forpliktar bedriftene økonomisk og juridisk, føreset dette at partane i arbeidslivet gjennom yrkesopplæringsnemnda har reell påverknad i slike saker.